


STRATEGISK KULTURPLAN FOR SELJORD KOMMUNE 2010 - 2013



Vedtatt i Kommunestyret, sak nr 18/10 16 .september 2010

Innhald

1. Innleiing	3
2. Planprosessen	3
3. Planperiode, revidering og evaluering	4
3.1 Rapportering	4
4. Mål	4
4.1 Mål i kommuneplan	4
4.2 Hovudmål for kulturområdet	4
4.3 Resultatmål	5
5. Strategiar og tiltak	6

Relevante vedlegg til planen

- Status for dei einskilde hovudområda innan sektoren
- Status Idrett og fysisk aktivitet
- Status Kunstverk i det offentlege rom
- Kommuneplan for Seljord kommune 2006-2021

1. Innleiing

Sentrale myndigheiter har visjon om at Noreg skal vera ein leiande kulturnasjon som legg vekt på kulturdimensjonen i alle delar av samfunnslivet. Kunst og andre kulturuttrykk har stor verdi i seg sjølv. Ei målretta satsing på kultur har samstundes stor innverknad på andre samfunnsområde som næringsutvikling og arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse, læring og kreativitet.

Dei siste tiåra har det skjedd grunnleggjande endringar i kulturlivet både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. Globalisering fører til auka kulturelt mangfald, og dei kulturelle ytringsformene får eit sterkare internasjonalt preg. Det lokale og stadeigne knyter nye og overraskande samband med det regionale og internasjonale. Oppfatninga av den norske felleskulturen vert utfordra i eit samfunn som viser veksande grad av kulturell variasjon. Uttrykksmangfaldet veks, og publikum vert meir differensiert. Dette er endringar som òg verkar inn på kulturlivet i Seljord kommune.

Eit samansett kulturliv prega av omfattande endringar stiller Seljord kommune overfor nye kulturpolitiske utfordringar. Tiltak og verkemiddel for å fremje lokalt og regionalt kulturliv må vurderast i høve til ein samansett kultursituasjon.

Seljord kommune bør bruke økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for variert kulturverksemd. Døme på vellukka tiltak er Seljord kommunes kulturpris og kulturstipend. Løyvingsnivået bør vera tilstrekkeleg for å fremje og leggja til rette for eit «breitt spekter» av kulturverksemd, dvs. ein variasjon i kulturuttrykk og -aktivitetar, som inkluderar alle delar av befolkninga i Seljord på tvers av geografi, økonomi, kjønn, alder, etnisitet og religiøse, sosiale og kulturelle skiljelinjer. Dette inneber òg at kulturverksemda skal ta omsyn til personar med ulike former for funksjonshemmingar. Ikkje minst vil dette gjelda prinsippet om universell utforming av bygningar og lokale som skal nyttast til kulturføremål.

2. Planprosessen

Kultur- og næringsutvalet oppnemnde i april 2008 ei arbeidsgruppe sett saman av to politikarar, representantar frå Seljord idrettsråd, Seljordspelet, Seljord kunstforening og ungdomslaga i kommunen. Kultursjefen/-koordinatoren har styrt arbeidet. Utvalet gjorde vedtak om å utvikle ein ny kulturplan for Seljord kommune. Ny kulturplan skulle fylgje same malen som næringsplanen. Målet var at ny kulturplan for perioden 2009 – 2013 skulle leggjast fram for kommunestyret i desember 2008.

3. Planperiode, revidering og evaluering

Strategisk Kulturplan omfattar planperioden 2010-2013 (retta frå 2009 – 2012) og gjeld til kommunestyret reviderer planen. Planen skal minst reviderast ein gong per kommunestyreperiode. Rådmannen har ansvaret for å setje i verk og fylgje opp mål, strategiar og tiltak i planen. Tiltaka (handlingsdelen) skal evaluerast ein gong i året.

3.1 Rapportering

Årleg skal tiltaka i kulturplanen rapporterast til kommunestyret. Denne rapporteringa skal ta for seg måloppnåing i høve til planen, og utførast av kulturkoordinator saman med leiar av kultur- og næringsutvalet.

4. Mål

4.1 Mål i kommuneplan

Seljord kommune skal vere eit samfunn i vekst og utvikling, som er bevisst kvalitetane sine og brukar dei for å styrkje lokalsamfunnet slik at kommunen blir ein endå betre stad å bu, arbeide og besøke.

Aktuelle samfunnsmessige mål for kommunen:

Seljord kommune skal vere ein god stad å bu i og vera ein attraktiv tilflyttingsstad.

Aktuelle delmål

- Seljord kommune skal aktivt arbeide for å støtte opp om eit levande kulturtilbod for alle i kommunen.
- Seljord kommune skal vera med å vidareutvikle Seljord som arrangementsstad.
- Seljord kommune skal leggje til rette for gode fritids- og aktivitetstilbod.
- Seljord kommune skal leggje vekt på berekraftig utvikling.

Seljord kommune skal vere eit populært reisemål og ein stoppestad for besøkande.

Aktuelle delmål

- Seljord kommune skal i samarbeid med næringslivet koordinere aktivitetar innan reise- og næringsliv, kulturaktivitetar, uteliv og arrangement til eit heile.
- Seljord kommune skal arbeide for å skape levande og trivelege sentra.

4.2 Mål for kulturområdet

Kommunen skal

- ta vare på dei rike kulturtradisjonane, vera ein aktiv bidragsytar i utvikling av kulturlivet og leggje til rette for nyskaping.
- gje kulturlivet best mogelege vilkår for drift og aktivitet, og skal arbeide aktivt med å utvikle samarbeid innanfor kunst- og kulturliv.
- leggje til rette for eit godt samarbeid mellom kulturaktørar og næringslivet i kommunen.
- satse på utvikling av arbeidsplassar innanfor kulturbaserte næringar.
- bidra til aktivitet, oppleving, kunst og kultur gjennom eksisterande kulturaktørar.
- gjennom sine tiltak stimulere til aktivitet og utvikling både for amatørar og det profesjonelle kulturlivet.

4.3 Resultatmål

I løpet av planperioden skal dagens organisering av kultursektoren i kommunen vurderast for å sikre at organiseringa av tilsette gjev best mogeleg utnytting av ressursane, og gjev gode vilkår for samarbeid, kreativitet og utvikling.

Kulturbasert næring er satsingsområde for kommunen, og ein vil gjennom ulike tiltak vera med på å stimulere satsingane.

Dei gamle biblioteklokale i Seljord sentrum skal erstattast av nye. Arbeidet skal settast i gang i planperioden. Biblioteket si verksemd skal utviklast i samsvar med moderne krav til folkebibliotek.

Seljord kommune skal auke innkjøp av bøker/media per innbyggjar til gjennomsnittleg nivå for biblioteka i regionen, og auke besøkstal og utlån.

- Innkjøp per innbyggjar aukast frå 44,- til 67,- (2008-tal)
- Besøkstal aukast frå 3,1 til 4 (2008-tal)

Symjehallen er i ein slik tilstand at den må renoverast. Kommunen må gjennom plan for renovering sikre drift av hallen fram til 2019.

Planlegging av nytt badeanlegg knytt til Granvin kulturhus, skal settast i gang i planperioden.

Kommunen skal arbeide for auka aktivitet i Granvin kulturhus. Kommunen skal så langt mogeleg vera med på å sikre dei økonomiske rammene for kulturhusdrifta.

Seljord kommune skal i planperioden bidra til at idrettslaga og andre aktørar kan tilby fysisk aktivitet av minst same omfang som i dag.

Seljord kommune skal gjennom fokus på samspel betre dei fysiske og praktiske tilhøva for produksjon, formidling og oppleving av kunst på alle nivå. Det skal leggjast til rette for at kunstnarar kan ha sitt virke i kommunen.

Kommunen skal bidra til at innsatsen i dei frivillige lag og organisasjonar kan koordinerast gjennom Seljord Frivillighetssentral.

Kommunen skal i planperioden auke sin kompetanse på dei mange aktuelle tilskottsordningane, for å kunne nytte desse i styrking og utvikling av kultursektoren. Slik kompetanse er og eit viktig bidrag kommunen kan gje til det frivillige idrett og kulturlivet.

5. Strategiar og tiltak

Strategi 1		
Seljord kommune skal vera ein JA kommune.		
Tiltak	Ansvar	Rapportering
1. Syte for god samordning av kommunal planlegging.	Rådmann	
2. Ha effektiv, rask og positiv sakshandsaming.	Rådmann Politisk	
3. Administrasjon og politisk leing skal arbeide for å samordne og styrke kulturlivet og kulturnæringane.	Rådmann Politisk	

Strategi 2		
Seljord kommune skal sikre tett samarbeid mellom næringsliv, kulturaktørar og kommune.		
Tiltak	Ansvar	Rapportering
1. Administrasjonen tek initiativ til og deltek på relevante møte innan kultur og næring.	Rådmann	Årleg
2. Administrasjon/politisk leing besøker minst 10 eksisterande kulturverksemder per år, mellom anna verksemder med potensial for auka samarbeid.	Ordførar Rådmann	Årleg

Strategi 3		
Seljord kommune skal ha god organisering av eigne tilsette innanfor kultursektoren og skal leggja til rette for at det frivillige kulturlivet enkelt kan finne gode samarbeidsformer med den kommunale kultursektoren.		
Tiltak	Ansvar	Rapportering
1. I løpet av planperioden skal dagens organisering av kultursektoren i kommunen vurderast.	Rådmannen	Oktober 2010
2. Sørgje for at det vert utvikla ein kulturkalender for kommunen. Rutinar for vedlikehald må inngå i utviklingsarbeidet.	Kulturkoordinator	2010
3. Kulturforum skal utvidast til å gjelde alle kulturaktørar i kommunen, etter mal for kulturnettverk og organisert innanfor paraplyen Telemark kulturnettverk.	Kulturkoordinator	2010
4. Auke kompetansen på tilskottsordningar ein kan nytte innanfor kulturlivet.	Kulturkoordinator	Årleg
5. Samordne frivillig innsats i kulturlivet gjennom Seljord Frivillighetssentral.	Kulturkoordinator	Årleg

Strategi 4		
Seljord kommune skal ha eit rikt og moderne bibliotektilbod.		
Tiltak	Ansvar	Rapportering
1. Arbeid med flytting av hovudbibliotek frå gamle, dårlege lokale til nye lokale knytt til Granvin kulturhus skal settast i gang.	Politisk Rådmann	2015
2. Gradvis auke av budsjett for innkjøp av bøker og media til gjennomsnittet i regionen.	Politisk Rådmann	Årleg
3. Auke aktiviteten ved biblioteket, blant anna gjennom utstillingar, lesetips og boklister.	Bibliotek	Årleg
4. Auke tal på arrangement med fokus på litteratur.	Bibliotek	Årleg
5. Betre skilting utanfor biblioteket.	Teknisk sjef	2010

Strategi 5		
Sikre drift av dagens symjehall fram til 2019.		
Tiltak	Ansvar	Rapportering
1. Utarbeide tilstandsrapport av vitale delar.	Administrativt	Oktober 2010
2. Utarbeide vedlikehaldsplan.	Teknisk sjef	Oktober 2010
3. Søke spelemidlar for renovering av vitale delar.	Kulturkoordinator	Januar 2011

Strategi 6		
Nytt badeanlegg ferdig 2018 - 2019.		
Tiltak	Ansvar	Rapportering
1. Avklare politisk vilje, realisme og plassering.	Politisk	Desember 2010
2. Planleggje nytt anlegg med byggestart innan 2016. Utarbeide finansieringsplan.	Rådmann	Oktober 2011

Strategi 7		
Styrke Granvin kulturhus sin posisjon som regionalt kulturhus.		
Tiltak	Ansvar	Rapportering
1. Arbeide for auka aktivitet i kulturhuset på dagtid og i helgene. Ved spørsmål om lokalisering av kulturaktivitetar skal ein vurdere Granvin kulturhus som eit alternativ.	Politisk Kulturkoordinator	Årleg
2. Arbeide for at kulturhuset skal vera ein naturleg møteplass for alle kulturaktørar i heile kommunen.	Kulturkoordinator	Årleg
3. Kommunen skal så langt mogeleg vera med på å sikre dei økonomiske rammene for kulturhusdrifta.	Politisk	Årleg

Strategi 8

Seljord kommune skal ha eit breitt tilbod av trim- og idrettsaktivitetar, både organisert idrett og andre tilbod.

Tiltak	Ansvar	Rapportering
1. Kommunen tek del i folkehelseprogrammet. I planperioden skal folkehelseperspektivet vera overordna når ein legg til rette for aktivitet og opplysning.	Folkehelsekoordinator	Årleg
2. Ferdigstilling av turveg i sentrum i regi av Seljord og sogene.	Prosjekt Seljord og sogene	2011

Strategi 9

Kommunen skal gjennom fokus på samspel betre dei fysiske og praktiske tilhøva for produksjon, formidling og oppleving av kunst på alle nivå.

Tiltak	Ansvar	Rapportering
1. Nytte kunstfagleg kompetanse som den viktige ressursen den er, i samband med kommunal planlegging, prosjektarbeid knytt til kommunen og fysiske tiltak i kommunal regi.	Politisk Rådmann	Årleg
2. Det skal leggjast til rette for at kunstnarar ynskjer å ha sitt virke i kommunen.	Politisk	Årleg
3. Gjennom prosjektet Seljord og sogene som vert gjennomført i planperioden er det planlagt fleire tiltak der kunst får plass i offentlege rom.	Seljord og sogene	2010-2011
4. Seljord kommune skal halde vedlike kunstverk og skulpturar i kommunen.	Kulturkoordinator Teknisk sjef	Årleg

Status kunstverk i det offentlege rom, sjå vedlegg .